

Fra: Anne Vedvik (Anne.Vedvik@hfk.no)

Sendt: 14.04.2015 09:12:31

Til: A-Taxi; ledelse@bryggentaxi.no; Jan Valeur (jan.valeur@bergentaxi.no); Christiania Taxi Bergen; Minde, Gitte (gitte.minde@norgestaxi.no); ledelse@taxi1.no

Kopi: Arve Halvorsen (Arve@bergentaxi.no); 'Tor Anders Hauge'

Emne: Kontroll av køyresetlar

Vedlegg: image001.png

I fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 vart fylgjande forslag samrøystes vedteke:

«Fylkesutvalet ber om ei sak om systemet knytt til kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde. Saka bør og leggje fram eventuell statistikk frå denne kontrollverksemda og ha framlegg til tiltak for å betre denne om det viser seg at det er trong for dette.»

Yrkestransportlova kap 7A omhandlar køyresetel og som kjent er det politiet som forvaltar denne del av regelverket. Det er ikkje eit krav i regelverket at løyvehavar køyrer drosje sjølv, og løyvestyresmakta kontrollerer såleis ikkje køyresetlar ved tildeling av drosjeløyve. Når det gjeld tilsette sjåførar har løyvestyresmakta ikkje kontakt med desse.

I samband med utarbeiding av sak om slik kontroll, bed me om at sentralane informerer samferdselsavdelinga om korleis sentralar og løyvehavarar sikrar at alle sjåførar og løyvehavarar som køyrer drosje sjølv har gyldig køyresetel.

Av omsyn til saksbehandlinga bed me om slik tilbakemelding innan **28. april 2015**.

Med helsing

Anne Vedvik

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen



Tlf: 55 37 80 56

www.hordaland.no